

INFORMASJON OM SFO AUGUST 2018

Velkommen til nytt SFO år på Knappskog skule.

Vi har i haust 85 barn som er påmeldt til skulefritidsordninga.

I kommunestyret er det vedtatt at det skal være 3 plass alternativ.

- 1. Morgonplass: 07-8.30**
- 2. Ettermiddagsplass: Etter skuletid til 15.30**
- 3. Heil plass: Før og etter skuletid**

Dette er likt i heile kommunen. Alle søknader, endringer eller utmeldinger må skje elektronisk.

Elles viser eg til vedtektene som ligg under SFO på kommunen sine sider.

Dagen på SFO:

07.00 - 08.30

Barna samlast på SFO kjøkken og 1 kl. sitt klasserom. Dei som ynskjer å ete frukost tar maten med inn, og så et vi før vi går ut.

Ca. 08.15 rydder vi basen og kler på oss og går ut. Vi er ute og lufter oss til det ringer inn 08.40 .

Etter skuletid/SFO tida

Ein barneveileder frå SFO møter opp i klassen og krysser inn barna

*Dersom barnet ikkje skal på SFO, eller vært henta av andre enn foreldra skal vi ha melding(**sms**) om det i forkant.*

1 kl. vil være i sine klasserom og garderobe

2 kl. brukar sitt klasserom og garderobe

3 kl.og 4 klasse vil være sammen i 3 kl.sine klasserom.

På morgon SFO, og etter kl.15.30-16.00, vil alle være oppe på SFO rom.

Mat:

Barna må ha med matpakke til evt. frukost og matøkta på SFO.

Gjerne i eigen matboks.

Henting på SFO:

Vi ynskjer at de kjem opp på SFO og hentar barnet.

Dette av sikkerhetshensyn. Dersom barnet skal gå sjølv eller bli henta av andre, må vi ha beskjed på SMS (SFO 97199488) **før kl. 12.00 !**

Dersom de er for sein til henting, blir de belasta med eit gebyr for påbegynt halvtime. **Dette gjeld og ettermiddagsplass.** Vi lar ikkje barnet stå igjen aleine og vente etter 16.30. Då må det gjerast ei skriftleg avtale om det.

Uteområdet:

Vi er heldige å ha eit stort flott uteområde som barna kan boltre seg på ! Det er ikkje inngjerda, så vi snakkar mykje med barna om kor grensene går og kor det er lov å leike. Det er og viktig at de foreldre snakkar med barna om dette. Går dei utanfor grensene ser vi alvorlig på det og gjer beskjed til heimen. Vi er mange vaksne ute, og vi krysser barna ca. kvar halvtime , men dei beveger seg fort så det er ikkje alltid vi veit akkurat kvar ditt barn oppheld seg når du skal hente. Beregn derfor litt tid til henting. Vi ynskjer å vere behjelpelig, men kan ikkje alltid forlate den plassen vi har vakt på, eller aktiviteter vi held på med. Dette ber vi om forståelse for.

Viktig!

Gje beskjed til ein vaksen når de hentar barnet.

Klede:

Ha til ei kvar tid klede til å være ute i, og nok bytekledde. Merking gjer det veldig mykje lettare for oss å finne riktig eigar.

Aktiviteter:

Alle gruppene har faste dagar med aktivitet i gymsal. Ellers finn de meir om aktiviteter i Årsplanen vår og informasjonsskrivet SFO KLADDEN som vi legg ut ca. 1 gang i månaden på nettsida www.knappskogskule.no Der ligg det og eit hefte om leik i SFO, nyttig lesing !

Eg har kontortid mellom 08.30-12.00, telf. 55097571, mob. 97199488 ta kontakt viss de lurar på noko. Eller de kan sende mail til irene.ormevik@fjell.kommune.no

Med vennleg helsing Irene Ormevik
Leiar SFO